

Kommuneplan for Naustdal – samfunnsdelen 2014-2025

Vedteke i k-styre sak 009/15
Februar 2015



Fotograf: Jan Erdal

Innhold

1	Om Naustdal kommune	3
2	Samordning, forenkling og innbyggardialog	4
3	Rammer og føresetnader for planarbeidet	6
4	Føremålet med planarbeidet og utgreiingar	6
4.1	Overordna strategi og målsetjing	6
4.2	Folkehelse, arbeidsglede, meistring og kompetanse frå vogge til grav	7
4.3	Innbyggardialog og integrert samfunnsplanlegging	10
4.4	Kultur som eigenverdi og utviklingsmetodikk	10
4.5	Lokalt utviklingsarbeid og arealbruk	11
4.6	Økonomistyring og tenestekvalitet	13
4.7	Naustdal som pådrivar for samarbeid i Sunnfjord	13
4.8	Samfunnstryggleik	14
5	Prosess og medverknad i planarbeidet	15
6	Samarbeid for gjennomføring	16

1 Om Naustdal kommune

Naustdal kommune med sine 2700 innbyggjarar ligg sentralt plassert berre 11 km frå fylkessenteret Førde, og utgjør eit naturleg midtpunkt på den sentrale aksa mellom Førde og Florø. Kommunen strekkjer seg frå bygdene i Instedalen til Vevring og Kvellestad ut i fjorden. Svært mange i Naustdal har arbeidsplassen sin i Førde eller Flora. Landbruk, bygg og anlegg og det offentlege er dei største arbeidsplassane i kommunen.

Naustdal kommune er ein plan- og målorientert organisasjon, i eit spennande fagmiljø. Fokus på idrett, kultur, helse og pedagogisk utviklingsarbeid i skulen er viktige tiltak for å gjere Naustdal til ein endå meir attraktiv stad å bu. Bustadområde Fjordlandsbyen ved fjorden på Sæla, fortetting i sentrum og ulike byggeområde i grendene er sentrale satsingar.

Dei fleste kommunale tenestene ligg i Naustdal sentrum, med unntak av Vevring skule og barnehage i Vevring og Dalen skule på Kalland. Endring av skulestrukturen er oppe til drøfting tidleg i 2015.

Folketalutviklinga er den mest utslagsgjevande einskildfaktor når det gjeld verknad på den kommunale langtidsplanlegginga og økonomien. Naustdal voks i den tida Førde vart utpeika som vekstsenter på 70 talet, men sidan 80-talet og fram til no har folketallet stabilisert seg på 2700-2800. Statistisk sentralbyrå (SSB) si ordinære framskriving gjev eit stabilt folketal på kring 2700 framover, medan barnekulla vert stadig mindre. Til tross for SSB sine framskrivingar opplever Naustdal folkevekst både i sentrum og grendane og har pr 3. kvartal 2014 2791 innbyggjarar. Gode bustadområde og sentral plassering i vekstområdet Sunnfjord er avgjerande. Kommunestyret har over mange valperiodar jobba langsiktig for dette. Om dette held fram vil folketallet passere 3000 når vi nærmar oss år 2020 (ca 1% vekst). Viss denne veksten kjem av tilflytting av barnefamiljar vil det bety ein auke i barnehagebarn til 250 mot 210 ved stabil vekst. Tal grunnskulebarn ville auke til 380 mot 340 ved stabil vekst. Ved aldersblanda tilflytting vil barnetalet ligge noko lågare enn dette, men likevel høgare enn SSB si ordinære framskriving.

Naustdal kommunen sin økonomiske situasjon har forverra seg dei siste åra. Hausten 2014 er det gjort eit ekstraordinært arbeid for å bygge den langsiktige økonomiske grunnmuren for eit lokalsamfunn med utviklingskraft, forsvarlege basistjenester og opne armar for tilflytting dei neste 20 åra. Over tid har det bygd seg opp investeringsbehov, særskilt på sentrumsskulen, helse og barnehage. Dei neste åra må det investerast over 100 millionar for å få ein oppdatert bygningsmasse som gjev kvalitet i tenestene samtidig som vi vert fleire. For å klare større renteutgifter og dekke tidlegare underskot, må driftsbudsjettet reduserast med om lag 12 millionar (5-6 %) i 2015.



2 Samordning, forenkling og innbyggardialog

Kommuneplanen viser vegen Naustdal ynskjer å gå framover mot 2025. Planen skal samle leiestjernene for dei ulike fagområda og gje innblikk i arbeidet i kommunen og halde seg til sentrale føringar.

Kommunen har dei siste 6-7 åra arbeidd systematisk og breitt med å utvikle kommunen og tilpasse drifta til gjeldande rammevilkår. Styrande for arbeidet har vore handlingsplanane i 2007 og 2008, planstrategi frå 2009 og sist revidert i 2012. Nokre planar som kan nemnast er kommunedelplan sentrum, områdeplan Sæla, skule og barnehagestruktur, helse og omsorgsplan, bygedutviklingsplan mfl. Vi har jobba ut frå slagordet som kommunestyret vedtok i 2010: «Med kultur for utvikling». Med utgangspunkt i åra med utvikling og planprosessar vi har bak oss – innspel, medverknad, studiar, rapportar og planar – har vi eit solid grunnlag for samfunnsdelen.

Tida er komen for å forenkle og samordne planarbeida inn i ein felles samfunnsplan for kommunen, samstundes som vi utviklar arenaer og legg til rette for prosessar som mobiliserer innbyggjarar, lag, organisasjonar og offentleg mynde. Samfunnsplanen skal legge dei overordna føringane for utviklinga i kommunen og alle andre planarbeid må ta utgangspunkt i denne.

Planen skal gje måla for kommunen si samla utvikling og for kommunen som organisasjon.

Hovudmålet for planen og planarbeidet:

«folkevekst med god kvalitet i samfunnsutviklinga.»


Samfunnsdelen er kommunen sin reiskap for heilskapleg planlegging og har to hovudfokus:

1. **Kommunen som samfunn**
2. Kommunen som organisasjon

Kommunen som organisasjon og som samfunn vil heile tida måtte gjennomføre endringar for å tilpasse seg skiftande rammevilkår og nye utfordringar. Vi må følgje hovudstrategiar og vere tydelege på at vi ikkje kan vere best på alt. Alle medverkande til utforminga av planen har vore med og definert kva «god kvalitet i samfunnsutviklinga» tyder. Medverknad, demokrati og openheit skal prege utviklinga.

Samfunnsdelen skal legge premissane for økonomi og utvikling, også i kommuneorganisasjonen. Samtidig kan ein med god medverknad frå befolkninga og politisk involvering i samfunnsdelen, få ein meir tydeleg og sterk politisk påverknad på planlegging og forvaltning. Vi har difor kopla den langsiktige samfunnsdelen til handlingsdelen (handlingsprogram, budsjett og 4-årig økonomiplan) som rullerast kvart år, for å få ei sterkare strategisk styring og prioritering av arbeidsoppgåvene som vist i figuren på neste side.

Integrert kommuneplanlegging



Figur 2: Ett-årshjulet som en del av handlingsdelen og 4-årshjulet som en del av kommuneplanprosessen.

Målet med ein samordnande samfunnsplan er ikkje at alle skal vere samde om alt ned til minste detalj, men at vi skal drøfte ope og breitt korleis vi skal nå dei overordna måla og kva mål som er aller viktigast for Naustdal, som samfunn og som kommuneorganisasjon.

Vi vil i framtida ha meir dialog og fleire ulike typar dialog (alt frå temamøter til kunstinstallasjonar) i kommunen. I dialogen mellom innbyggjarar og politikarar/administrasjon må målet vere å saman forme samfunnet gjennom samhandling.

Arbeidet med samfunnsdelen har gått over tid og det har vore diskutert mange ulike tema. Når ein skal planlegge for framtida er det mange usikre faktorar og vi opplever endringar i teknologi og kommunikasjon, arbeidsmåtar og arbeidsmarknad, helsetilbod og utdanningsmetodar og mykje anna. Likevel kjem vi stadig tilbake til hovudspørsmåla

- Kva verdier er viktige for Naustdal som samfunn framover?
- Korleis skal vi få fleire til å velje Naustdal som ein god stad å kome til og ein god stad å vere?

Og sjølv om vi tenkjer Naustdal inn i ein større kommune, må innhaldet i ein «Naustdal-identitet» for framtida speilast i denne planen. Planen skal kunne gje kommunen auka gjennomføringskraft og vere eit inspirasjonsdokument for tilsette og politikarar. Det skal vere eit dokument som vert brukt aktivt, som ein kan nytte til å bli kjent med kommunen.

3 Rammer og føresetnader for planarbeidet

Planarbeidet tek utgangspunkt i det som går fram av publikasjon T-1497: **Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging** vedteken 24.6.2011. Vidare er det teke omsyn til rikspolitiske føringar, regionale planar og planstrategi, interkommunal planstrategi og kommunen sin eigen planstrategi. I tillegg er planen utarbeidas i samsvar med gjeldande lovverk, men dei enkelte lovene er ikkje lista opp i dette dokumentet.

4 Føremålet med planarbeidet og utgreiingar

Planprogrammet nyttar planstrategien vedteken 21. juni 2012, si tematiske inndeling.

Planstrategien set desse krava til samfunnsplanen:

- Samordning
 - overordna styringsdokument for Naustdal som samfunn og kommunen som organisasjon
- Innbyggardialog
 - Involvere innbyggerane, lag og organisasjonar i å setje kursen for framtida
- Forenkling
 - alle planar i kommunen skal bygge på eller vere ein del av kommuneplanen sin samfunnsdel

4.1 Overordna strategi og målsetjing

I arbeidet med strategi og mål må ein spørje seg kva verdier som er viktige når vi skal byggje Naustdal inn i framtida. Korleis skal vi få fleire til å velje Naustdal som ein god stad å bu og ein god stad å besøkje. Viss ikkje Naustdal ikkje har folkevekst som resten av landet, får vi ein stadig mindre del av dei nasjonale ressursane til å drive tenestene. Dette handlar om å bygge sosial og fysisk infrastruktur som gjev kvalitet i samfunnsutviklinga og legge til rette for at fleire arbeidsplassar kan skapast. Det gjeld også korleis ein utviklar kommunen som kompetansearbeidsplass og stabil arbeidsgjevar.

På bakgrunn av dette utfordringsbildet har kommunestyret bestemt hovudmål for utvikling av Naustdal.

Naustdal kommune skal ha folkevekst med god kvalitet i samfunnsutviklinga

Med kvalitet i samfunnsutvikling meiner kommunestyret at veksten må vere slik at samfunnet og miljøet, både sosialt og fysisk, taklar endringane og at Naustdal er ein god plass å besøkje, bu og vekse opp.

Dette skal vi gjere:

- Byggje vidare på dugnadsånd, endringsvilje og nyskaping som sentrale verdiar
- Drive kommunalt utviklingsarbeidet på eit høgare nivå enn kommunar vi kan samanlikne oss med, samstundes som vi oppmuntrar lokale bedrifter og ideelle organisasjonar sitt utviklingsarbeid.
- Byggje infrastruktur til å handtere 1% folkevekst for å halde tritt med nasjonal vekst
- Vidareutvikle dei beste bustadområda i Sunnfjord, både sentrumsnært og i grendene
- Fornye og ruste opp skular og barnehagar og sikre kapasitet til å handtere større barnekull
- Gjennomføre prosjektet «sparing for vekst» i 2015-2018, der ein søker å frigjere ressursar ved å stabilisere og effektivisere drifta av dei lovpålagde tenestene

4.2 Folkehelse, arbeidsglede, meistring og kompetanse frå vogge til grav

Utviklingsplanen for helse og omsorgstenestene i Naustdal kommune definerer måla og retningen vi vil arbeide mot.

«Det sentrale målet for helse- og omsorgstilboda i Naustdal kommunen er å leggje til rette for at den enkelte kan ta vare på eiga helse gjennom å mobilisere eigne materielle og menneskelege ressursar. Kommunen sin innsats skal støtte opp om den enkelte, tilretteleggje og gjere til at hindringar kan vinnast over. Tenestene for den einskilde skal tilpassast og utformast i dialog med brukaren. Vi ynskjer med tenestene våre å finne fram til ulike meistringsstrategiar for den enkelte. Hovudansvaret for livssituasjonen ligg hos innbyggjaren sjølv. Saman med brukaren ynskjer vi å støtte opp om måtar å leve med funksjonstap, sjukdom, smerte og motgang.»

Den nasjonale folkehelsepolitikken har som mål å skape eit samfunn som fremjar helse i heile befolkninga. Helseutfordringane i vår tid handlar om helseproblem knytt til psykisk helse og livsstil, kva vi et, drikk, kor fysisk aktive vi er og korleis vi har det saman med andre. Einsemd og isolasjon er eit aukande samfunnsproblem. Eit felles løft for folkehelsearbeidet føreset at alle aktørane i samfunnet bidreg, slik at det vert lettare for den enkelte å gjere helsefremjande val og mestre liva sine. Folkehelsearbeidet skal vere kunnskapsbasert. Meistringsopplevingar er helsefremjande. Folkehelsearbeidet må leggje til rette for at alle kan få oppleving av meistring i alle fasar og

utfordringar i livet, og legge til rette for livslang læring. Kommunen vil skaffe fram kunnskap om helsetilstanden i kommunen, årsakssamanhengar og kva effekt helsefremjande og førebyggjande tiltak har. Samfunnsplanen tek høgde for endringa i alderssamansetjinga i befolkninga . Kommunen brukar mykje ressursar på helse om omsorg og vil i framtida også gjere det. Kommunen vil utvikle organisasjonen i takt med endringane og set særskilt fokus på meistring i alle fasar av livet.

Til grunn for arbeidet ligg generelt alt lovverket innan helse og omsorg, likestillings-, diskrimineringslov og reglane om ålment tilgjenge og universell utforming.

Oppvekstsektoren skal tilby tenester som tilfredsstillar barn sine rettar i tråd med barnekonvensjonen. Naustdal kommune styrkar overordna samordning og kvalitetsutvikling i tenestene for barn og unge gjennom tilsetjing av oppvekstutviklar. Det skal vidareutviklast system for kvalitet og internkontroll. Aktørane i Naustdalsskulen utvikla våren 2014 eit hovudmål: «Barn som trivst, lærer».

Det er høgt fokus på tidleg innsats og gjennomført kompetanseheving i samarbeid mellom helsestasjonen, barnevernet og barnehagane i høve foreldrerettleiing og støtte til familiar med omsorgsrelaterte utfordringar. Naustdal satsar og på program for å styrke barnehagen og skulene som læringsarena. Skulane arbeider systematisk med kvalitetsarbeid knytt til betre læringsmiljø Det er gjort og planlagt store investeringar til oppgradering av barnehage og skulebygg i tråd med dagens krav.

Utfordringar

- Korleis skape fleire arenaer for utvikling og nyskaping, innan og på tvers av ulike fagområde i kommunen?
- Korleis skape trygge oppvekstvilkår for barn og unge.
- Korleis utvikle skule og oppvekstsektoren vidare som læringsarena?
- Korleis fremje motivasjon for å ta ansvar for eiga helse?
- Korleis fremje sosial utjamning, både når det gjeld god helse og deltaking i arbeidslivet?
- Korleis fremje solidaritet, involvering og frivillige bidrag i omsorgssektoren.
- Korleis utvikle omsorgssektoren og gjennom samhandling på alle nivå?
- Korleis kan vi møte auken i tal eldre som er antatt å trenge tenester frå kommunen

Målsetjing:

God folkehelse, arbeidsglede, meistring og kompetanse frå vogge til grav.

Dette skal vi gjere:

KOMMUNEN - samla

- Folkehelseperspektiv integrerast i kommunale avgjerdsprosessar og planar.

- Støtte og vidareutvikle samarbeidet med frivillig sektor som er ein sentral aktør innan folkehelsearbeidet, og støtte arbeidet med fysisk aktivitet/sosial aktivitet som idrettslag og andre lag og organisasjonar driv
- Heile organisasjonen vil ha eit førebyggjande arbeidsretta fokus
- Ha fokus på helsefremjande arbeidsmiljø som virkemiddel for berekraftig organisasjonsutvikling av kommunen både som organisasjon og samfunn.

OPPVEKST

- Vidareutvikle og styrke samspelet mellom politikk, administrasjon, profesjonar, barn og unge med foreldre.
- Legge barnekonvensjonen til grunn og gjennomføre planarbeid for heilskaplege tenester for barn og unge.
- Fremje trygge og gode oppvekstvilkår for alle som godt grunnlag for helse, utvikling og læring
- Lytte til barn sine meiningar og fremje barn sin reelle medverknad i alle tilhøve som gjeld dei
- Setje fokus på vaksne sitt ansvar for å bygge gode relasjonar til barna og aktørane rundt barnet
- Fremje positiv læringskultur og læringsglede gjennom å vise interesse og positive haldningar til skule
- Setje fokus på alle vaksne som viktige rollemodellar for barn og unge
- Legge til rette for at barn og unge med særskilte behov kan ta del og kjenne seg inkludert på alle arenaer i samfunnet
- Stille opp på dugnadsarbeid og sosiale aktivitetar for fellesskapet
- Fylgje opp «Manifest mot mobbing» i heile kommunen, gjennom kontinuerleg arbeid som fremjar gode relasjonar
- Fremje gjennomføring av grunn- og vidaregåande opplæring gjennom tidleg innsats, godt tverrfagleg samarbeid og kunnskapsbaserte tiltak.
- Etablere symjebasseng

HELSE- OMSORG og NAV

- Vidareutvikling av koordinerande funksjonar og kommunal sakshandsaming.
- Gjennomføre vedteken plan og fokus på livsmeistring og utvikling av tverrfaglegheit i eigen organisasjon.
- Realisere måla om samlokalisering av helsetenester i arbeidet med «Friskhus».
- Vidareutvikle Frisklivsentralen som arena for å meistre endring av livsstil
- Fylgje opp nasjonal strategi for pårørandeomsorg, gjennom eige prosjekt.
- Gjennomføre prosjekt «meistring av samfunnsnyttige aktivitetar»
- Fylgje opp ruspolitisk handlingsplan, vidareføre interkommunalt samarbeid.
- Utvikle dagtilbod for heimebuande eldre. (Seniorsenter)
- Prosjektere og byggje omsorgsbustadar
- Gjennomføre planarbeid for framtidig bruk av Naustdal sjukeheim
- Ha fokus på eit inkluderande arbeidsliv med tilrettelegging for arbeidstakarar med redusert arbeidsevne

4.3 Innbyggardialog og integrert samfunnsplanlegging

Vi spør oss korleis vi kan jobbe med vidareutvikling av identitet og omdømme. I eit lite lokalsamfunn som Naustdal kan vi ikkje vere best på alle område, men kan dyrke initiativ der vi har gode føresetnader. Innbyggjarar og kommunen kan saman finne våre fortrinn og vidareutvikle eit inkluderande samfunn på alle arenaer. Grunnsteinen i lokal samfunnsutvikling er initiativ og skaparkraft blant enkeltpersonar og ideelle organisasjonar. Vi spør oss korleis vi kan sikre tett kontakt mellom innbyggjarar og kommune og korleis vi best kan støtte lokal mobilisering i heile kommunen.

Målsetjing:

God innbyggardialog og integrert samfunnsplanlegging

Dette skal vi gjere:

- Arbeide med samordning av marknadsføring, både frå enkeltpersonar og organisasjonen som er med og bygger attraktivitet og påverkar omdømmet
- Arbeide for gjennomføring av «Naustdal fortel» et nettverk av tiltak innan kunst, kultur, folkehelse og trivsel som syr saman offentlege og private initiativ i heile Naustdal.
- Arbeide med ein felles "Naustdalsidentitet" og omdømmebygging med utgangspunkt i kommunen sine fortrinn.
- Ha dialogmøte 2 gonger i året mellom ordførar/rådmann og grendalag
- Etablere arenaer for brukarmedverknad innan alle tenester, tilsvarande FAU i skulen.
- Utvikle fleksible arenaer for felles bruk for ulike aldersgrupper – både møteplassar og aktivitetar t.d i eit «Friskhus»
- Revidere arealplanen som svar på samfunnsplanen sine målsetjingar i løpet av 2016
- Arbeide for mottak av flyktingar til kommunen

4.4 Kultur som eigenverdi og utviklingsmetodikk

Kjartan Slettemark og Vevringutstillinga inspirerer oss, og vi har valt «Med kultur for utvikling» som visjon. Vi trur på at undring kan endre, og samtidskunst er allereie eit viktig tema i kommunalt og frivillig utviklingsarbeid. Vi spør oss korleis vi kan vidareutvikle kultur som drivkraft og endringsfaktor i lokalsamfunnet og i kommunen som organisasjon?

Tusenårsstaden Sanden er plassert midt i Naustdal kommune og har status som regionalt friluftsområde. Området er ein viktig arena i kommunen vår, og vi spør oss korleis Sanden kan verte eit knutepunkt for kultur og aktivitet?

Målsetjing:

Bere fram kultur som eigenverdi og nytte kultur som utviklingsmetodikk

Dette skal vi gjere:

- Sikre at alle i Naustdal kommune skal ha tilgang til sosiale aktivitetar og kultur- og fritidstilbod.
- Dyrke fram ein kultur for nyskaping i Naustdal ved å nytte samtidskunst som brekkstang for å fremje undrings- og endringskompetanse.
- Synleggjere Naustdal gjennom utvikling av særmerkte kulturarenaer – møteplassar som framhevar landskapet og kulturkrafta i heile kommunen, som eksempelvis Vevringutstillinga og Sanden – kulturarenaer som berre kan skapast i Naustdal.
- Fremje moglegheitene for fysisk aktivitet/sosial aktivitet i regi av idrettslag og andre lag og organisasjonar, bl.a. ved gjennomføring av tiltak i Handlingsplanen i Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og kulturbygg og jamnleg rullering av planen.
- Arbeide for heilskapstenking på tvers av sektorar i kultur- og utviklingsarbeidet, med samtidskunst som drivkraft.
- Arbeide for gjennomføring av «Naustdal fortel» et nettverk av tiltak innan kunst, kultur, reiseliv, folkehelse og trivsel som syr saman offentlege og private initiativ i heile Naustdal.
- Sjå den breitt definerte kulturen i samanheng med krav og moglegheiter i Plan- og bygningslova.
- Arbeide for eit lokalt kulturløft med særleg fokus «den kulturelle grunnmuren»: folkebibliotek, kulturskule, ungdomsklubb og frivillig kulturliv (i tråd med NOU 2013:4 *Kulturutredningen 2014*).
- Vidareføre utviklingsprogram for Sanden, med kunstfagleg og estetisk tilnærming.
- Revidere «Kommunedelplan for kultur» innan 2017
- Utarbeide «Kommunedelplan for kulturminne» innan 2016

4.5 Lokalt utviklingsarbeid og arealbruk

Kommunen har gjennomført omfattande strategiske planarbeid dei siste 6-7 åra, med brei medverknad, fokus på demokratiske og opne prosessar og har relativt oppdaterte arealplanar/kommunedelplanar for store delar av kommunen. Med folketalsvekst og kvalitet i samfunnsutviklinga som hovudmål, må vi spørje oss korleis samfunnet kan setjast i stand til å takle store endringar, samstundes som at Naustdal er ein god plass å besøkje, bu og vekse opp. Det omfattar å vekse med kvalitet både i sentrumsområde og i grendene. Vi må vise korleis kan kommunen sine planar rydde vegen for innbyggjarar og organisasjonar som vil utvikle sine lokalmiljø.

I arealplanarbeid skal kommune nytte verktøya i plan- og bygningslova til beste for utvikling, vern og bruk og viktigast av alt: med mobilisering, engasjement og lokale drivkrefter i planarbeidet. Planarbeidet har basis i eit velfungerande demokrati, medverknad og føreseielege prosessar til beste for bygdene i heile kommunen. Ved rullering av planstrategien bør ein ha eit eige kapittel om klima og miljø.

Målsetjing:

Styrke lokalt utviklingsarbeid og sikre ein berekraftig arealbruk

Dette skal vi gjere:

- Revidere kommuneplanen sin arealdel som svar på samfunnsdelen. Arealdelen skal ta opp i seg strategiar og arealbruk frå ferske planarbeid som kommunedelplan sentrum, områdeplan Sæla og kommunedelplan Vevring. Arealdelen skal også bl.a. fange opp arbeidet med små byggeområde i grendene (Grend+) og vurdering av gang- og sykkelvegløysingar (trafikktrygging). Sentrale tema er også oppdatering i høve verneområde/friluftsområde, verna vassdrag, strandsona og forvaltninga av desse. Naustdal har dei siste åra satsa meir på målretta og avgrensa arealplanarbeid enn heile arealdelen. Difor vil revisjonen i stor grad handle om oppdatering i høve ferske planarbeid, kombinert med oppdatering i høve lov og forskrift.
- Arealdelen bør omfatte også kystsona og marin sektor og det kan vere naturleg å søke samarbeid med andre kommunar om planlegging i sjøområda.
- Sikre god oppfølging av gjennomføring av kommunedelplan sentrum og vurdere ny revisjon
- Sikre sentralt næringsareal på aksen Flora – Førde
- Trafikktrygging må fortløpande prioriterast gjennom trafikktryggingssplanen, i kontakt med vegmynde
- Sikre byggeareal i grendene gjennom Grend+ metoden
- Sikre full dekning med tilfredstillande kapasitet på mobil og breiband –først med mobilutbygging på Helle og Åsedalen/Kvame og så breiband i sentrum vest, og arbeide langsiktig for best mogeleg teknologiske løysingar, no vurdert som 4G i heile kommunen
- Førebu eventuell gruvedrift i Engebøfjellet gjennom kommunedelplan for Vevring med aktuelle bustad- og næringsareal og andre generelle førebuingar som kommunen ser i høve
 - Arealplanar og byggesak, inkludert mogeleg behov for midlertidige anleggsområder, lokalsamfunnsutvikling på begge sider av Førdefjorden og ressursar til byggesakshandsming
 - Mineralutvinninga/gruvedrift i dialog med direktoratet for Mineralforvaltning
 - Utsleppsløyve, ureining, miljøoppfølgingsprogram inkl. organisering av miljøoppfølgingsgruppePunkta er kontinuerleg til drøfting internt i kommunen, der rådmannen har ein beredskap i høve avgjerd og punkta er drøfta med Fylkesmannen og fylkeskommunen i august 2014, men konklusjon for vidare arbeid var at vi må vente på avgjerd frå departementa.
- Sikre balansen mellom vern og bruk i Landskapsvernområdet Naustdal-Gjengedal
- Arbeide for at tiltaka i Klima- og miljøplanen vert følgt opp, delta i aktuelle klimatilpassingsprosjekt og at arbeide for at klima- og miljøspørsmål vert tillagt vekt i aktuelle saker

4.6 Økonomistyring og tenestekvalitet

Naustdal kommune sitt mål om folkevekst med kvalitet i samfunnsutviklinga, sett saman med rammevilkåra for kommunane og innbyggjarar og andre brukarar sine forventingar, set kommunal organisering, tenesteyting og økonomiske prioritering under press.

Utfordringar

- Korleis skape gode arenaer for kommunikasjon og realistisk medverknadsnivå for brukarar av dei ulike tenestene i kommunen?
- Korleis organisere kommunen slik at tenestene har både fagleg kvalitet og vert opplevd som tilfredstillande?
- Korleis kan økonomiske rammevilkår styrkast i kommunen?
- Korleis kan kommunen finne ein økonomisk balanse frå planlegging til drift av teknisk infrastruktur?

Målsetjing:

Sikre god økonomistyring og forsvarleg tenestekvalitet

Dette skal vi gjere:

- Ressursbruken på tenestene skal vurderast ned mot 95 % av snittet til samanliknbare kommunar.
- Kvalitetsnivået på alle tenester skal vurderast opp mot samanliknbare kommunar. Fokuserer på budsjett disiplin i alle ledd i organisasjonen
- Læringsløyper med omsyn på tilbakemelding frå publikum i høve forbetring av tenester skal være sentralt i arbeidet med kvalitetsutvikling.
- Vedlikehalde og utvikle eksisterande kompetanse og sikre rekruttering av ny kompetanse
- Kommunale bygningar, vatn- og avløp og veg skal vedlikehaldast og gjerast investeringar for verdibevaring.
- Mål om 3% overskott

4.7 Naustdal som pådrivar for samarbeid i Sunnfjord

Mesteparten av folketalsveksten i fylket dei siste åra har skjedd i regionen Sunnfjord. Sunnfjord var i 2013 den regionen med best lønsemd i næringslivet i Noreg¹. Regionen er inne i ein periode med vekst både i folketal, etableringar og arbeidsplassar. Sunnfjord har ein styrke i kombinasjonen av små lokalsamfunn og bystrukturar. Det er korte avstandar til eit variert tilbod av service, tenester og kulturtilbod. Næringslivet og regionen må tole raske endringar. Utfordringa for Sunnfjord er å arbeide for å utvikle ein robust næringsstruktur, skape endringsvilje og være attraktiv for nye satsingar.

¹ NHOs NæringsNM 2013, Telemarksforskning

Naustdal kommune legg til grunn felles planstrategi i Sunnfjord for si overordna planlegging. Dette medfører mellom anna at Naustdal vil arbeide for: betring av det regionalt samferdselsystem gjennom snøgg gjennomføring av E39/Førdepakka og Kystvegutvikling, utarbeide strategisk næringsplan for Sunnfjord og bruke SIS til overordna planlegging for å auke Sunnfjord sin attraktivitet som bustadområde.

Naustdal deltek aktivt i kommunereformarbeidet i SIS, i dette arbeidet er det pr februar 2015 heile 9 kommunar med i eit utgreiingsarbeid. Dette er kommunane Gloppen, Jølster, Førde, Gaular, Fjaler, Hyllestad, Askvoll, Flora og Naustdal, som utgjer nesten halve fylket i folketal.

Utfordringar

- Tilstrekkeleg kompetanse, ressursar og personale i kvar enkelt kommune innan bl.a. omsorg/samhadlingsreforma, innan plan og byggesak, innan landbruk, folkehelsearbeidet m.m.
- Styrke Sunnfjord som bu- og arbeidsområde
- Vere pådrivar og bidra positivt i prosessen med kommunereform i regi av SIS i perioden hausten 2014-sommaren 2016.

Målsetjing:

Vere pådrivar for samarbeid som tener Sunnfjord som felles bu- og arbeidsområde

Dette skal vi gjere:

- Pådrivar i prosess i SIS for kommunereforma og i arbeidet avklare oppgåvefordeling og organisering som sikrar utviklinga i regionen og Naustdal som eit vekstkraftig samfunn som er klar for å møte andre større kommunar, mogelege fleire oppgåver i ein storkommune, ivareta lokaldemokratiet og endringane som er varsla på regionalt nivå.
- Ferdigstille «Bu i Sunnfjord» ein web-portal for samarbeid, utvikling og også for omdømme og attraktivitet
- Delta aktivt i næringsplanarbeidet – bidra med kompetanse og temaplanarbeid
- Utbetring av heile FV 611 med m.a. tunnell til Redal
- Arbeide for trygg og effektiv Kystvegtrase i samarbeid med SIS, HAFS og Ytre Nordfjord.

4.8 Samfunnstryggleik

Sunnfjord-kommunane har vedteke ein felles ROS-analyse. Samfunnet er i endring og så er også bl.a. risiko- og sårbarheitsanalyser ikkje berre aktuell i arealplanlegging, men i alt planarbeid og aktivitet.

Det er utarbeida gode ROS-analyser for kommunedelplan Naustdal sentrum, ROS-tenking er ein viktig del av arealplanarbeidet (Sæla, Gangbrua m.m.) og det er vidare ein viktig del av planverktøya i kommunen, heilt ned til rutinebeskrivelsar og tiltakskort innanfor den enkelte teneste.

Det er utarbeida ei ROS-analyse som gjev eit heilskapleg oversyn over risikobildet for Sunnfjord-kommunane. Analysen gjev ei avklaring på kva potensielle uønska hendingar som inneber så stor fare og konsekvensar at kommunane må planlegge tiltak som kan førebygge og hindre eventuell skade.

Utfordringar

- Korleis kan vi jobbe systematisk med ROS i kommunen?

Målsetjing:

Sikre forsvarleg samfunnstryggleik i Naustdal kommune som samfunn og organisasjon

Dette skal vi gjere:

- Utarbeide ny kommune-ROS m/tiltaksplan, der naudsynte tiltak skal innarbeidast i beredskapsplanen. Planen skal også omfatte tiltak Sunnfjord-kommunane skal samarbeide om og kva ressursar den enkelte kommune rår over. På fleire område vil det vere grenseoverskridande risikofaktorar og behov for felles tiltak mellom kommunane.
- Definere overordna strategiar for samfunnstryggleik og beredskap for kommune-ROS og oppdatere analysane med tilfredstillande frekvens
- Jamleg oppdatere beredskapsplan og halde øvingar som styrkar kommunen sin evne til å handtere hendingar

5 **Prosess og medverknad i planarbeidet**

I prosessen har politikarane teke aktivt ansvar for dialogen med innbyggjarane og arbeidet med utforminga målsetjingane. Dette gjev eit løft til det reine politiske arbeidet med ulike tema. Det var eit politisk ynskje at kommunen skal nytte seg av både vanleg høyring, folkemøte og temamøter, og at arbeidsmøter med ulike grupper vart utprøvd i prosessen. Politikarane ynskjer å vise at kommunen tek ansvar for at både svake og sterke grupper/personar vert høyrde likeverdig og at det sjølve innhaldet i dialogen og dei faktiske synspunkta vert vektlagde.

I 2014 har alle råd og utval i kommunen drøfta ulike delar av samfunnsutviklinga i Naustdal og det har det vore temamøter om bl.a. foreldrerolla og om ein god og trygg alderdom. Vi opplever at dette er viktige og engasjerande tema.

Både politikarane og tilsette i kommunen vert utfordra på kommunestruktur og –økonomi i åra som kjem, noko som kan endre tenestetilbodet og aktivitetane i kommunen. Dette er eit stort og viktig arbeid som pågår frå hausten 2014 og fram til sommaren 2016. Dette vil vere ein krevjande prosess for politikarar og kommunen har eit særskilt viktig oppdrag i innbyggjardialog i kommunereforma!

Kommunen har også nytta metodar for å utløyse kreativitet og skape undring kring tema, og har nytta t.d. opne kartleggingsmetodar frå «Cultural planning» i delar av planarbeidet. Dei siste åra har kommunen bore fram eit midlertidig planprosjekt i tid og rom: Kjartanistan. Dette er også ein metode som kan nyttast innan arealplanlegging (midlertidige løysingar/prosjekt) og dei fleste andre fagområder i kommunetenestene.

Det har vorte lagt spesielt vekt på engasjement frå barn og unge og stetting av deira interesser i samfunnsutviklinga og ungdomsrådet har bl.a. hatt eige møte med formannskapet. Representantar frå Ungdomsrådet deltek vinteren 2015 i arbeidet med framtidsverkstader for «Sunnfjordbyen» i regi av SIS. Samarbeidet mellom administrasjon og den enkelte skule og barnehage kan styrkast ytterlegare.

Uavhengig av valt metode og valde fora for medverknad har det vore viktig at politikarane får oversikt, sjølv fått gjennomføre opne drøftingar og får handsame alle innspel godt, slik at dei som har gjeve innspela kjenner seg høyrte og sett.

I høyringsperioden for planen bad vi om framlegg om konkrete tema, utan at dette vart ein suksess, men kommunen ser likevel at det har vore helde møter knytt til dei sentrale målsetjingane i planen i løpet av 2013-2014.

Lovverket set formelle krav til at kommunen skal legge til rette for medverknad. Det har vore høve til å kome med innspel 2 gonger i planprosessen; når planprogrammet vart lagt ut på offentleg høyring og når sjølve planen var utarbeida og låg ute på offentleg høyring. Vi har nytta ulike metodar, i tillegg, for å sikre reell medverknad og nå målet om tettare og betre innbyggardialog som kommunen har nytta i samfunnsplanarbeidet. I høyringsperioden for planen har det vore heilt ope for alle til å kome med innspel og planen har blitt betre av innspel og meiningar.

6 Samarbeid for gjennomføring

Naustdal kommune deltek i mange ulike samarbeidsfora, både sær forpliktande etter kommunelova og meir lause fora som oppstår t.d. under arbeid med interkommunal planstrategi eller «Sunnfjordbyen». For full oversikt over ulike samarbeid, visest det til den interkommunale planstrategien for Sunnfjord.

Vi legg vekt på samhandlinga mellom kommunen og innbyggjarane og har i denne planen søkt å gje eit bilde av kva vi vil gjere framover mot 2025.

Kommunen er i utvikling og endring, gjennom noko auka folketal, trong økonomi samstundes som investeringar for å møte folkeveksten med kvalitet i samfunnsutviklinga verkeleg krev sitt av økonomien. Kommunen og fylkeskommunen har arbeidd tett og godt i mange

plansaker og oppretta i 2013 prosjektet Grend + og ynskjer å utvikle fleire partnerskap med fylkeskommunen, andre regionale offentlege instansar eller halvoffentlege institusjonar som t.d. HISF og Vestlandsforsikning.

For kommunen er det viktigast med dei lokale bl.a. næringsliv og frivillege lag og organisasjonar, utan desse samarbeida kan ikkje lokalsamfunnet utvikle eller endre seg og ein kan ikkje få lokal mobilisering utan engasjerte innbyggjarar!

**Samfunnet er det
vi finn saman.**